

# LEIGEAVTALE KNYTT TIL MATRE 27 PÅ MATRE I MASFJORDEN KOMMUNE

## Mellom

Utleigar: **Masfjorden kommune (org. nummer 945627913)**

og

Leigetakar: **Norsk Bergsikring AS (org. nummer 899 644 662)**

### 1 Leigeobjekt og føremål:

Avtalen gjeld leige av heile eigedomen Matre 27 inkludert parkeringsplass. Lokalet skal nyttast til overnatting og forpleiing for tilsette i Norsk Bergsikring AS i leigeperioden. Leigeavtalen omfattar og 300 m<sup>2</sup> riggareal, som skal plasserast innanfor innramma område vist på kart nedunder. Nærmare krav knytt til rigg og eksakt plassering av denne må avtalast nærmare med Masfjorden kommune.



### 2. Leigeperioden

Leigeperioden er frå og med 21. august 2023 til og med 01.12.2023. Norsk Bergsikring får rett til å forlengje leigeperioden i inntil 1 måned fram til 31.12.2023. Denne retten må stadfestast med ny skriftleg avtale innan 15.11.2023.

### 3. Kostnader knytt til vask, straum og nettleige

Leigar betalar i leige krone 26.000,- eks mva per måned. For august vert leigesummen  $11/31 \times$  krone 26.000,- eks mva. til saman krone 9.225,- eks mva. Utleigar har ansvar for reinhald inntil 2 timar kvar veke og ansvar for straum. Kommunen fakturerer leiga den 1. kvar måned. Betalingsfrist kalendarmånad + 14 dagar. **Fakturaadressa er :**  
Norsk Bergsikring AS Stongfjorden 577, 6984 Stongfjorden

Faktura skal merkast med : prosjektnummer 1131 – E39 Matre ved Kjell Cato Eriksen

### 4. Oppseiingstid og oppseiing

Mislegald av avtalen kan vera grunnlag for oppseiing frå utleigar si side. Mislegald er hærverk, anna bruk av lokalet enn det som er skildra i føremålet

### 5. Ved utflytting

Når leigetakar skal flytta ut skal utleigar og leigetakar gå gjennom leigearealet for å kontrollere tilstanden. Eventuelle skadar på bygningen og inventar og anna kan medføre krav om dekning frå utleigar Ein ser då bort frå vanleg slitasje. Utdelte nøklar skal då kvitterast tilbake til kommunen.

## 6. Ansvar for eigedom m.v.

Leigetakar har sjølv ansvar for å forsikra sine eigendeler og sitt eige utstyr, som til dømes kontorutstyr, PC, klede m.v.

## 7. Særskilte vilkår

Nærleik til barnehage gjer at leigetakar må orientere sine tilsette om god HMS knytt til inn og utkøyring til eigedomen.

## 8. Kontaktpersonar

Masfjorden kommune: Teknisk sjef Roald Kvingedal, tlf 400 27 048

Norsk Bergsikring: Kjell Cato Eriksen – 416 67 908

Underskrivne leigar og utleigar er kjende med og godtek denne avtalen som er utfylt i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Masfjordnes, 18/08. 2023

Bergen 18/08. 2023

UTLEIGAR:  
MASFJORDEN KOMMUNE

Org. Nummer: 945627913

LEIGETAKAR:  
Alicja Ask  
Norsk Bergsikring

Org. nummer: + 899 644 662